



Betel Søndagskule
Arvid Valdersnes
5939 SLETTA

Referanser:
Dykker:
Vår: 14/942 - 14/8667

Saksbehandlar:
Bente Kopperdal Hervik
bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:
20.08.2014

Informasjon til lag og organisasjonar - august 2014

Eg håpar de har hatt ein fin sommar, og er klare for ny innsats i haust! Nedanfor følgjer ein god del aktuell informasjon. Noko var med i junibrevet, men det er også ein del ny informasjon.

Organisering av kulturarbeidet i kommunen

Frå juni i år har underteikna fått ansvar for oppgåver som er lagt til kulturadministrasjonen i Radøy kommune. Det vil seia alt som gjeld kulturmiddlar, kulturpris, kulturminnevern, idrett og friluftsliv, kontakt med lag og organisasjonar, den kulturelle skulesekken, bygdeboka, arrangement i regi av kulturadministrasjonen o.l. Ansvar for booking av Radøyhallen er lagt til kultur- og sørvistorget. Ansvar for spelemiddlar ligg framleis til økonomikontoret.

Lin Tove Thomassen er leiar for kultur- og sørvistorget, og dermed også for kulturadministrasjonen. Kultur- og sørvistorget har eit tett samarbeid med ungdomskoordinatoren, frivilligsentralen, biblioteket, kultur- og musikkkulen og Radøyhallen.

Avslutting av jubileumsåret

I 2014 har me markert grunnlovsjubileet og kommunen sitt 50-årsjubileum. Me planlegg no ei avslutting av kommunen sitt jubileum helga 17. -19. oktober. Me legg opp til eit mangfold av aktivitetar, for alle aldersgrupper. Fredag legg me opp til ein kulturfest med kafé, musikk, kunst og quiz. Tidlegare på kvelden håpar me å få til ei bordtennisturnering. Laurdag vert det teaterkurs for born og unge, eit arrangement på biblioteket, og ein jubileumsgalla i Radøyhallen på kveldstid. Søndag er framleis nokså open.

Dersom nokon av dykk ynskjer å ha eit arrangement eller bidra på annan måte, ta gjerne kontakt med underteikna.

Kulturminneplan

Radøy kommune er i gang med å utarbeida ein kulturminneplan for kommunen som skal gi ei oversikt og vurdering av kulturminne i kommunen. Som ein del av planprosessen skal det gjennomførast registreringar av kulturminne. Me ynskjer difor å koma i kontakt med lag og organisasjonar og andre frivillige som kan tenkja seg å bidra i kulturminneregistreringsarbeidet. Opplæring vil verta gjeve. Det kan verta aktuelt med ei mindre godtgjersle til lag og organisasjonar som deltek i arbeidet.

Ta kontakt om de er interessert, eller vil vita meir!

Momskompensasjon

Lotteri- og stiftelsestilsynet har sendt ut informasjon om at dei skal fordela 1,2 milliardar kroner i momskompensasjon til frivillige lag og organisasjonar i 2014. Les meir om ordninga på <http://www.radoy.kommune.no/momskompensasjon-til-frivillige-lag-og-organisasjonar-i-2014.5516980-299352.html> (evt. <http://bit.ly/1nMDPZP>)

Kulturmidlar

Radøy kommune deler kvart år ut driftsmidlar til lag og organisasjonar. Søknad skal sendast på elektronisk skjema, som de finn på kommunen sine nettsider under sjølvbetening og skjema. Hugs at godkjend, revidert rekneskap skal leggjast ved søknaden.

Søknadsfrist er 1. september.

Kulturprisen

Radøy kommune ber om framlegg til kandidatar til Radøy kommune sin kulturpris for 2014.

Kulturprisen vert gjeve til einskildpersonar, grupper, organisasjonar og lokale institusjonar for aktivt, frivillig kulturarbeid over lang tid. Profesjonelle kulturarbeidarar som driv kulturverksemd på nasjonalt nivå, eller som gjennom særslig gode einskildprestasjonar har utmerka seg, kan også få kulturprisen. Her skal det leggjast vekt på om arbeidet eller prestasjonane gjev positive ringverknader lokalt. Kulturprisen skal ikkje tildelast landsomfattande organisasjonar/institusjonar og heller ikkje personar tilsette i slike organ. Den eller dei som får kulturprisen skal bu eller verka i Radøy kommune. Ingen einskildperson kan få prisen meir enn ein gong.

Forslag til kulturprismottakarar kan fremjast av innbyggjarar eller lag og organisasjonar heimehøyrande i Radøy kommune. Forslaga skal vera grunngjevne.

Frist for å koma med framlegg på kandidatar er sett til 1. september. Framlegga skal sendast Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger eller på e-post til postmottak@radoy.kommune.no

Tilskotsordningar

Hordaland fylkeskommune har ein del tilskotsordningar med søknadsfrist 15. september. Dei mest aktuelle er kulturtiltak for born og unge og ålmenne kulturføremål. Les meir på:

<http://www.hordaland.no/tenester/tilskot/>

BKK lokal gjev støtte til tiltak som bidrar til å gjera regionen levande og mangfaldig, ein god og attraktivt stad å besøke, bu og jobba i. Dei har søknadsfrist fire gonger i året, neste gong 1. august. Les meir på: http://www.bkk.no/om_oss/sponsoring-stotte/vaare-stotteordninger/bkk-lokal/

SKAGEN støttar prosjekt og organisasjonar i lokalsamfunn i Norge som er engasjert i kultur, kunnskap og breiddedidrett. Dei prioriterer born og unge framfor elitesatsing. Dei har søknadsfrist to gonger i året, 20. juni og 1. oktober. Les meir på: <https://www.skagenfondene.no/Om-oss/Corporate-responsibility/Sok-om-sponsormidler/>

Gjensidigestiftelsen deler ut prosjekt innan tryggleik og helse, og støttar særleg tiltak som gjeld born og unge sine oppvekstvilkår . Søknadsfrist er 15. september. For meir informasjon og søknadsskjema, sjå: <http://www.gjensidigestiftelsen.no/no/>

Kulturminnefondet i Radøy kommune

Radøy kommune sitt kulturminnefond skal nyttast til å ta vare på verdifulle og verneverdige bygningar, kulturmiljø og andre typar kulturminne i Radøy kommune.

Tildeling av midlar skjer etter søknad. Søknaden skal innehalda ein tilstandsrapport, planar for utføring av arbeidet, kostnadsoverslag, framdriftsplan og finansieringsplan.

Les meir på www.radoy.kommune.no/kulturminnevern

Søknadsfrist er 1. september.

Søknadar skal sendast: Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger eller på e-post til postmottak@radoy.kommune.no

Kulturkalenderen på nettsidene

Me har no gått over til å berre visa arrangement frå Radøy kommune på framsida på nettsidene. Arrangementa for alle nordhordlandsommunane er framleis tilgjengeleg bak lenka «Sjå kalender for heile Nordhordland». No håpar me at de vil hjelpe oss "å fylla opp kalenderen".

Dei laga som registrerer seg som lag på våre nettsider kan leggja ut arrangement utan førehandsgodkjenning frå kommunen.

For meir informasjon, sjå <http://bit.ly/1pg55kz>

Kystsogevekene

Kystsogevekene vert i år arrangert i perioden 9. august til 14. september. Sjå www.kystsogevekene.no for program og meir informasjon.

Årsmøte i Frivilligentralen

Vedlagt er innkalling til årsmøte i Radøy frivilligcentral. Alle lag og organisasjonar kan møta.

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik
kulturkonsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Innkalling til årsmøte 2014

Mottakere:

Betel Søndagskule	Arvid Valdersnes	5939	SLETTA
CISV Nordhordland	Hilde Kleivdal		
Dale gren dahus			
Dale grendalag			
Halland, Sævdal og Lauvåsen vel v/Monica Grindheim	Sævdalsvegen 4	5936	MANGER
Hella bedehus	Steinar Vågenes	5936	MANGER
Hordabø barnekantori	Sølvi Kvalheim	5937	BØVÅGEN
	Mjøs		
Hordabø Idrettslag v/Ove Hamre	Radøyvegen 2975	5937	BØVÅGEN
Hordabø Mini- og barnekantori	Sølvi Helen	5937	BØVÅGEN
	Kvalheim Mjøs		
Hordabø skulemusikklag			
Hordabø ungdomslag			
Keipane Kystlag			
Knappen båtlag			
Kolstad krinslag			
Kristen Idrettskontakt -KRIK	Heidi Soltvedt		
Manger Barnekor Baluba v/Astrid		5936	MANGER
Mellingen			
Manger Bygdelag	Odd Matre	5936	MANGER
Manger grunneigarlag			
Manger Helselag	Bjørg Tveiten	5936	MANGER
	Skiftesvik		
Manger Idrettslag	Odd Helge Hagen	5931	MANGER
Manger In-Puls - Manger Bedehus	Elna Bauge	5936	MANGER
Manger kvinne og familielag	Gro Borgund		
Manger Musikklag	Nils-Arne Træland	5931	MANGER
Manger Old Star Brass v/Vigdis		5937	BØVÅGEN
Villanger			
Manger Skulemusikklag v/Anne	Postboks 50	5931	MANGER
Kolstad Morken			
Manger Ungdomslag	Jan Tore Hvidsten	5931	MANGER
Marøy grendalag v/Vigdis Marøy		5937	BØVÅGEN
Marås 4H	Bjørg Konglevoll	5938	SÆBØVÅGEN
	Lunde		
Marås Grendalag v/Terje Halland	Lervikvegen 30	5936	MANGER
Menigheten Filadelfia Manger			
Mental Helse Radøy/Austrheim	Wenche Frantzen	5936	MANGER
Naturvernforbundet i Nordhordland		5943	AUSTRHEIM
v/Jan Nordø			
Nedre Storheim/Kalnes Bygdelag	Grethe Storheim	5938	SÆBØVÅGEN
Nordanger Gardsmuseum	Johannes	5939	SLETTA
	Birkeland		

Mottakere:

Nordanger Grendahus	Nedre Soltveit 56	5939	SLETTA
Nordanger Indremisjon	Hogne Straume	5939	SLETTA
Nordhordland Husflidslag v/Aud	Lervikvegen 24	5937	BØVÅGEN
Marit Halland			
Nordhordland Jakt og Fiske v/Oddmund Solbakken		5903	ISDALSTØ
Nordhordland lag av hørselhemmedes landsforbund v/Rune Eikeland		5918	FREKHAUG
Nordhordland seilforening	Harald Matland	5906	FREKHAUG
Nordhordland Turlag	Vibeke Døsvik		
	Haukeland		
Olsvoll Bedehus	Else Marie Dale	5938	SÆBØVÅGEN
Pinsemenigheten Betel	Olav Martinsen	5939	SLETTA
Radøy Bondelag	Bjørnar Floen	5939	SLETTA
Radøy damekor			
Radøy Hestesportklubb v/Kari	Toskavegen 492	5936	MANGER
Kvammen			
Radøy Idrettslag	Olav Steinar	5939	SLETTA
	Namtvedt		
Radøy Idrettsråd	Bjørn Ove Myking	5937	BØVÅGEN
Radøy Kunst Senter	Roger Gjerstad	5937	BØVÅGEN
Radøy lag for funksjonshemma	Marlen R. Rikstad	5936	MANGER
Radøy Lag LHL	Berit Kvalvik	5936	MANGER
Radøy Motorsamling	Guttorm Storheim	5938	SÆBØVÅGEN
Radøy musikkråd			
Radøy mållag			
Radøy Old Boys			
Radøy Pensjonistlag	Arne Villanger	5937	BØVÅGEN
Radøy RC	Stig Reitan	5135	FLAKTVEIT
Radøy Revmatikarlag	Berly Hella	5936	MANGER
Radøy Sauesalslag	Kåre Hole	5938	SÆBØVÅGEN
Radøy Skyttarlag	Kornelius Manger	5936	MANGER
Radøy Sogelag v/Einar Borgund	Einar Borgund	5936	MANGER
Radøy Symjeklubb			MANGER
Radøy sør grunneigarlag			
Radøy/ Manger Fotballklubb	Arne Askeland	5931	MANGER
Rikstad Bedehus	Jolaug Hellesund	5937	BØVÅGEN
Risnes Grendalag	Tore Villanger	5937	BØVÅGEN
Risnes grunneigarlag			
Rockeverkstaden Radøy ungdomsskule	Bjørn H Bendiksen	5936	MANGER
Rufy - Fritidsgruppa	Gro Borgund	5936	MANGER
Seifaldet velforening			
Sletta Bygdelag	Kåre Stang	5939	SLETTA
Songlaget Alvidt/Manger	Rigmor	5914	ISDALSTØ
	Korneliussen		

Mottakere:

Storhaugstova v/Mariann Lie	Toska	5936	MANGER
Driveenes			
Strileknekten B.L	Rune Tjore	5938	SÆBØVÅGEN
Sæbø Barnekor	Heidi	5938	SÆBØVÅGEN
	Marås/Irmelin		
	Hordvik		
Sæbø Skulemusikklag			SÆBØVÅGEN
Sæbø Ungdomslag	Arve Alver	5938	SÆBØVÅGEN
Sætre Grendalag	Lillian Sigfrid	5936	MANGER
	Myking		
Tjorehagen			
Vestnorsk utvandringssenter			
Vetås Bygdelag	Geir Rydland	5938	SÆBØVÅGEN
Vågenes Bedehus "Soar"	Kåre Vågenes	5936	MANGER